

Til  
Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høyringsuttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane til forskrifter om rammeplanar for lærarutdanning trinn 8 — 13

Vi viser til høyringsbrev datert 31.08. 2012 og vil med dette kome med innspel til følgjande rammeplanar:

- Praktisk-pedagogisk utdanning for trinn 8-13
- Nokre kommentarar til lektorutdanning for trinn 8-13, praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag for trinn 8-13 og 3 – årig faglærarutdanning

### Forskrift om rammeplan for Praktisk-pedagogisk utdanning for trinn 8-13

#### § 2 LÆRINGSUTBYTTE

Forskrifta manglar to moment som vi vurderer som sentrale i lærarutdanning: i) læringsutbytte knytt til kunnskap om dei grunnleggande ferdigheitene slik arbeidet med det vert gjort i grunnutdanninga (1.-13.), og ii) læringsutbytte knytt til mestring av eige språk (munnleg og i begge målformer). I den dels parallelle grunnskulelærarutdanninga for 5-10 trinn, finn ein desse læringsutbytta i forskrifta:

*Kandidaten kan tilrettelegge for progresjon i de grunnleggende ferdighetene i opplæringen tilpasset elever på 5.-10. trinn*

*Kandidaten mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng*

Desse læringsutbytta er ikkje mindre aktuelle i ei lærarutdanning retta mot 8-13 trinn. Dei grunnleggande ferdigheitene og mestring av eige språk er viktige for å lukkast i all læring i alle fag og i lærarrolla. Krav om dette i forskrifta vil sikre kandidatane betre opplæring, og vil vere i tråd med dei krava samfunnet stiller til lærarprofesjonen.

#### § 3 STRUKTUR OG INNHOLD

Her har vi merknader som gjeld praksis. Oppfølging av forskrifta sine formuleringar om at studentar med fagbakgrunn i fellesfaga i vidaregåande opplæring *skal* møte elevar på ulike studieprogram kan verta ei utfordring. Ut frå kjennskap til skulane i vår region, kan det bli vanskeleg å kunne garantera at alle studentar får praksis ved ulike studieprogram.

Vi foreslår følgjande endring i andre setning i siste avsnitt under §3: *Studentar med fagbakgrunn i fellesfaga i vidaregåande opplæring bør møte elevar på ulike studieprogram i løpet av praksisperioden.*

Høgskulen gir sterk støtte til kravet om at minst 50% av praksis må vere på annan skule enn eigen arbeidsplass for studentar som er i jobb.

## § 6 OPPTAK

Prinsipielt meiner vi at lærarar bør ha eit solid fagleg grunnlag og at det må vere eit mål at lærarutdanninga vert 5-årig. Styrka kompetanse i skulen må vere hovudmålsetjinga, og ein må derfor ikkje gå over til masterkrav for opptak på PPU før ein har forsikra seg om at dette ikkje fører til svakare kompetanse i skulen, samla sett. Vi ønskjer ikkje ei utvikling der lærarar med mastergrad utgjer ei lita gruppe lærarar som i praksis får ei rolle som leiarar for ufaglærte lærerassistenter som tar seg av undervisninga.

I 2011 var det berre 450 av totalt 1851 uteksaminerte PPU-studentar på landsbasis som hadde mastergrad. Dersom dette kravet vert lagt til lagt grunn er det rimeleg å anta at ein får utdanna berre ein fjerdedel av dagens PPU-studentar. PPU ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har dette studieåret 38 studentar på heiltid og 32 studentar på deltid som har allmennfagleg bakgrunn. Av desse er det berre 13 personar som har master, og dei er fordelt på fem ulike fagområde (fagdidaktikk). Ut frå dessa tala kan det verte ei utfordring for oss, og andre utdanningsinstitusjonar i distrikta å oppretthalda utdanninga etter 2018. Vi har i dag eit stort tal ufaglærte lærarar i norsk skule. Prognosar for SSB viser at dette truleg vil halda fram også i framtida. Kravet om mastergrad som einaste inngang til PPU, vil truleg gjera lærarmangelen endå større enn den er i dag, og ikkje berre i distrikta. Vi kan gå mot ei utvikling i skulen der læraren vert ein høgkvalifisert leiar som det blir få av, omgitt av eit stort tal ikkje- pedagogar som gjer brorparten av undervisningsoppgåvene. På den andre sida kan kanskje ei større satsing på lektorutdanning 8-13 over heile landet kompensere for noko av fråfallet av PPU – utdanna kandidatar.

Vi vil i tillegg peika på at ein konsekvens av noverande forslag er at det i framtida vil vera ulike kompetansekrav til ungdomstrinnet. Dei som kjem frå universitet eller høgskule vil måtte ha ei 5-årig masterutdanning medan dei som har grunnskuleutdanning for 5-10 vil ha ei 4-årig utdanning. Vi viser og til at forslaget ikkje er konsekvent ved at ein opnar for at studentar med adjunktkompetanse innan realfag vil kunne få opptak på PPU. Vi ser derfor at det kan vera grunn til å stilla spørsmål ved den faglege grunngevinga for å innføra eit minstekrav om master. Krav om unnatak frå språkfaga kan kome fort når det vert lærarmangel i desse faga og.

Når det gjeld kravet til to skulerelevante fag, så er vi usikre på kva som vert definert som skulefag, og kva som skil dei enkelte faga frå kvarandre i vidaregåande opplæring. Vi meiner heilt klart at kravet om to fag bør falle bort, eller det bør opnast opp for unnatak i fleire fag, til dømes kroppsøving/idrettsfag. Til dømes er situasjonen for mange av idrettslærarane at dei er einfagslærarar på studieretning idrettsfag. For dei vil det vere eit unødig ekstraår i utdanninga viss dei skal ha to fag før dei kan ta PPU, eller ei unødig senking av fagleg kompetanse for å få plass til to fag.

Framlegget om karakteren C for å vere kvalifisert, er eit kvalitetskriterium. Dersom opptakskravet til PPU vert master, vil høgskulen gå imot karakterkravet ettersom kandidatane allereie har tilfredsstilt karakterkravet C ved opptak til masterstudiet.

## § 7 IKRAFTTREDELSE OG OVERGANGSREGLER

Vi støttar forslaget om at krav for opptak skal tre i kraft frå og med studieåret 2018/2019.



## Forskrift om rammeplan for lektorutdanning 8-13

### §3 STRUKTUR OG INNHALD

For å oppnå reell integrering mellom fagstudia, profesjonsfaget og praksis må både praksis og profesjonsfaget strekkjast over fire år. Høgskulen stiller seg undrande til framlegget om å forskriftsfeste at examen pedagogicum eller tilsvarande skal inngå i profesjonsfaget då det snevrar inn institusjonane sin autonomi på innhald i større grad enn i dei andre forskriftene.

### Forskrift om rammeplan for treårig faglærerutdanning

Høgskulen stiller seg tvilande til om denne utdanninga gir god nok kompetanse for å undervise i fordjupingsfag i vidaregåande opplæring når utdanninga skal spenne over trinna 1 - 13. Ein kan redusere kompetansespennet for utdanninga til å gjelde trinna 1-10 i staden for 1- 13.

### Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag trinn 8- 13

#### § 3 STRUKTUR OG INNHALD I PRAKTISK-PEDAGOGISK UTDANNING FOR YRKESFAG

I forskrifta vert det foreslått at studentane skal ha minst ti dagar praksis på ungdomsteget. Vi reagerer på at omfanget av praksis i ungdomsskulen er sett til 20 % av praksisopplæringa. Mange av studentane har ikkje relevant fagbakgrunn for å ha rettleia undervisningspraksis på ungdomsteget. Vi ber om at omfanget av denne praksisen vert redusert.

#### § 5 OPPTAK

Med omsyn til rekruttering av yrkesfaglærarar til vidaregåande skule, meiner vi at det er uheldig å utelukke kandidatar med fagbrev frå opptak i PPU. Erfarne fagfolk med lang yrkespraksis vil kunne tilføra elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram mykje kompetanse og kunnskap innanfor yrket, og kan gjennom sitt nettverk leggja til rette for godt samarbeid mellom skule og yrket elevane vil utdanna seg til. Dei aller fleste yrkesfagstudentane på PPU-utdanninga ved HiSF er over 40 år og har lang fartstid frå yrket. Dei er gjerne etablerte med familieliv. Det kan vera vanskeleg å motivera denne gruppa for vidare utdanning i tre år då dei i tillegg må bu borte frå heimstad og familie under studietida. I dag er det berre to institusjonar som tilbyr yrkesfaglærerutdanning: Høgskulen i Oslo og Akershus og Høgskulen i Sør-Trøndelag. Vi foreslår at gjeldande opptaksordning til praktisk- pedagogisk utdanning for yrkesfag vert oppretthalden fram til det er utvikla eit tilfredsstillande yrkesfaglærartilbod i distrikta. I mellomtida bør det også leggjast til rette for eit vidareutdanningstilbod slik at yrkesfaglærarar med PPU kan skaffa seg formell kompetanse i yrkesfagleg breidde.

Med helsing

Åse Løkeland (sign)  
Rektor

Kari Thorsen  
Seniorrådgjevar